
LIVVINJE

Bygdemobiliseringsprosjektet

TIL ALLE HUSSTANDANE PÅ MOGANE, SMØRKLIPP, VINJE, BØGREND, VÅMARTVEIT, SÆRENSGREND, JA HEILE VINJE SKULEKRINS.

Følgjer du med på heimesida livivinje.no (vinjenytt.no)? Der legg me ut referat frå alle møta våre, frå og med mobiliseringsmøtet på Vinjar 5. mars i år, der oppstartinga skjedde, og til seiste møtet 18 .november.

Me veit at ikkje alle heve data og kan fylgje med på heimesida vår. Korleis kan de då få vita kva me driv med? Eit svar på det er altså det me gjer no; å skrive til dykk! Me ynskjer at alle skal ha høve til å fylgje med på dette arbeidet og deltaka i det, og ikkje berre slik at me informerar, men og slik at de kontaktar oss. Og at me treffest og rør om dette!

På mobiliseringsmøtet på Vinjar 5.mars møtte det vel 90 vinbyggjar! Det må tyde at det er stor interesse for korleis me har det i denne krinsen. Og stor velvilje for bygdene hera synte seg ved at over 40 skreiv seg på lister for å taka eit tak.

Me er vel òg litt skremde av at seiste daglegvare-forretninga i krinsen, Bøgrend Handel, vart nedlagt 1. februar. Og at elevtalet

ved Vinje skule for skuleåret 2008/2009 var 31. Det kan få mange av oss til å skjønne at noko må gjerast!

Mykje godt vart sagt på mobiliseringsmøtet om det å møtast for å taka fatt. Der kom mange ynskje om felles aktivitetar, så som teatergruppe, kinoklubb, barneteater, revy, korps, songgrupper, måndagsmiddag, oppattliving av ungdomslaget, rydding og skilting på gamle stigar, fleire bustader, gang-og sykkelveggar som kan binde grendene saman, finns her ledige hus eller tomter til leige eller sal, spreidd bustadbygging og næringsbygg, arbeidsplassar, huskrullar, oppslagstavle mellom skulen og barnehagen, fiskekonkurranser, aktivitetsdagar, gode og trivelege møteplassar. Ja, laga ny storhetstid her vart det sagt!

Ordføraren sa at Vinje kommune er interessert i at det blir sett i gang eit prosjekt i denne krinsen!

Og gode råd fekk me frå Øyfjell: Bruk bygdelivsmeklaren, ha ofte og direkte kontakt med politikarane, integrer så mange som råd i prosjektet, tak med alle som vil, skap liv, rør og møteplassar.



Bilete frå barkinga, foto Anders Sandvik.



Bilete frå opninga av Vinje Gardsmat, foto Luke Tennant.

Føremålet med prosjektet heve me forma slik:

Livvinje er ein samanslutnad som arbeider for auka trivnad og livskvalitet for dei som bur i Vinje skulekrins. Livvinje arbeider og for å auke folketalet og sikre elevgrunnlaget for Vinje Oppvekstsenter i framtida. Ved bruk av ulike virkemiddel skal samanslutnaden legge tilrette for opparbeiding av nye tomter, ny busetnad og rørsle i ein sovande bustadmarknad.

På det neste møtet, 25.mars, synte det seg at det var 5 personar som hadde lyst til å stå på litt ekstra for prosjektet. Det er oss 5 som skriv dette. Me heve blivi registrera i Brønnøysundregistret som ein samanslutnad med namnet Livvinje. Og oss 5 vert kalla eit interimstyre. Det ligg ein god del arbeid i å få det formelle i orden.

Det er sendt søknad til Vinje kommune om midlar til Livvinje-prosjektet og prosjektleiarstilling. Me er spente på svaret, men trur det vil gå i orden. Me lyser derfor no etter prosjektleiar med søknadsfrist 11. desember, med atterhald om kommunal godkjenning. Sjå lysing i VTBlad og på Vinje kommune si nettside.

Heve du hus til leige eller sal, tomt eller tomter, så kontakt oss. Me veit om fleire som ynskjer seg til Vinje og som treng husvere snart.

Det høvde slik at me 5 i interimstyret bur i Smørklepp, på Mosasida og Vinjeflatane.

Dermed var det ingen frå Mogane, Bøgrend, Våmartveit eller Særensgrønd som meldte seg i denne omgangen.

Det kan endre seg for det bli Stormøte på Vinjar etter jol og der skal det veljast styre for Livvinje. Kanskje du heve lyst til å vera med? Akkurat det med lyst er så viktig, og at du kjenner deg inspirera til å stande på noko ekstra for denne krinsen her ei tid.

Dette er morosamt arbeid, så trulegvis har nokon av oss lyst til å halde fram òg, om det er noko tidkrevjande i blant!

Stormøtet blir òg skipa til med tanke på å rø om kva som blir viktig å gjera vidare, og kanskje er det då tilsett ein prosjektleiar som sjølv sagt må synast fram! Tidspunkt for Stormøtet vil bli utlyst i VTBlad, på livvinje.no og på plakater, så fylg med og kom!

Heve du høyrte om Den Fyste Enternasjonale Paafonndagen ?

Aasmund Olavson Vinje skal ha skrive noko slikt som at Adde maa ein gong um aaret vera galne og snu oppned paa adde ting! Og det heve no blivi fyrste paragrafen i Paafonnlove! Fødselsdagen av Aasmund O.V. er den 6.april, og det er ein laglege dato for Paafonndagen. Om det ikkje akkurat bli på den dagen, så der omkring. Det er ved påsketider, og då kan det vera høve til å få med fleire enn oss fastbuande au! Og me vil hava med mange, mange

Paafonnkomite må derfor nedsetjast like etter jol. Vil du vera med? Ikkje noko paafonn er avgjort endå, men me vågar å seia høgt at det er vel på tide med ein revy hera snart au..... Med noko attåt for ungane tidlegare på dagen, kanskje.... Ja, det er berre å fable i veg, og bli med i komiteen...Meininga er at Paafonndagen skal vera ein dag å sjå fram til, der me finn på mykje moro saman og helst for alle aldrar!

I 2009 heve det skjedd ein del nytt og gledeleg her i krinsen. Noko må me taka med her, - påstend ikkje at me får med alt, men likevel:
- Så vidt me kjenner til så må det vera 12 personar som har flutt hit! De nyttilutte får òg dette i posten, sjøvsagt! Me håpar inderleg de

kjenner dykk velkomne, og kom gjerne på Måndagsmiddagen! Det heve blivi ein god møteplass. Det kjem 60 - 70 personar kvar veke! Og der er plass til endå fleire både "nye" og "gamle" vinbyggjar. Kvar måndag kl 16.30 i matsalen på Vinjar er der god, heimegjord og nylaga middagsmat å få kaupe. Og røur!

Og så hev Knut Erik og Aslaug opna stort slakteri på Kingland! Det stend det stor respekt av, full satsing au på Våmartveit! Det er slikt som skaper grobotn for endå meir Livivinje. Må det gange dei godt!

Og Vinje Gardsmat A/S er i gang kvar helg på "Bøgrendbue". Heve du vore innom å handla, hell kaupt deg god, heimebaka kake og kaffe? Dei 4 modige damune Signe, Marit, Tone og Åsne tek godt i mot deg på ein "nygamal", god møteplass i bygde. Der kan du finne mykje god mat, ja laglege jolegåver au!

Og jamen hev det kome fotograf her i krinsen òg! På Nestestog bur fotograf Luke Tennant og han tek på seg fotografering stod det i ei lysing i VTBlad på vårkanten. Han bur i lag med Kari Nestestog som heve gjeve form til dette du sit med no. Me bad henne om det for ho er designer, og kan sine ting! Sjå berre på heimesida vår òg, det er dei som står bak livivinje.no.



Billete frå Jonsok, foto Anders Sandvik



Bilete frå Vinjevatn, foto Luke Tennant.

Og så ligg det gamle, store furur ferdigberkte til å bli ny bro over Smørkleppåe. Takka vera skogeigarar som gav tre og flinke karar som stod duglege på i vår! For eit arbeid dei alt hev gjort! Og til våren skal broa byggast. Kven skal klyppe snore då den skal opnast, tru? Kongen? !!

Alle 3 grendelaga stod bak den vellykka Jonsokfeiringa nedmed Vinjevatn i år! Der var det samla mange folk, store grillar, mykje røur og liv, tevlingar og moro, is og premiar! Og fint bål som loga mot kveldshimmelen. Dette må bli ein tradisjon, vel?

I tillegg til det nye i år som er nemnt ovanfor, held Handverkslaget fram med mange spanande tiltak på Haugsæl, blant anna håndverksskurs for ungar.

Og grendehusa i krinsen er òg i bruk med basarar, kafèar, hånarbeidstreff, aktivitetsdagar m m. - Og dugnader for å halde husa vedlike må og til. Tak gjerne kontakt med grendelaget ditt om du vil at noko meir skal skje.

Og Vinjar, samfunnshuset for denne krinsen, er 50 år i år. Huset er nymåla utvendig, og både salen og underhøgda bli no pussa opp. Vinjarlaget ynskjer å ha jubileumsfest 30. desember, på dagen 50 år sidan det var opningsfest! Så då kjem du vel?

Heve du lyst til å setje i gang med eiga verksemd her, åleine eller saman med andre? Då vil me oppmode deg til det. Bruk oss gjerne, sjølv om me ikkje sit med noko pengebyste, så har me kanskje noko tips å gjeva og kan støtte deg/dykk. Dette bli og ein av oppgåvene til prosjektleiaren.

Beste helsing

Anders Sandvik	tlf 95 40 75 93
Eric Christenson	tlf 90 91 60 01
Aasmund Nordstoga	tlf 90 72 90 74
Britt Rønningen	tlf 97 09 50 72
Anne T Romtveit	tlf 90 61 62 09